

Den rette visdomen.

Kongen Salomo, Davids son, hev fordrom sunge.

Synt oss grunnen til tru og von ~~før~~ Siens unge.

Me vil høyra hans kloke ord, og visdom læra.

So me kan i vårt liv på jord vår Skapar æra.

Ungdom. Slepp denne visdom inn i hug og hjarte.

Han vil fylla ditt unge sinn med syner bjarte.

Drikk or denne hans lærdoms bekk til liv og yrke,
all den kløkt han frå Herren fekk. Det gjev Deg styrke,

Den som liter på eige vit fær vonbrot ~~tunge~~.

Set til Skaparen all di lit Du Noregs unge.

Vegen heim heve Frelsaren på krossen bana.

Her skal kvar som er Jesu ven ei fara vana.

Lit på Frelsaren. Du skal sjå Han allting lagar.

Jamnar vegen som Du skal gå. Du treng 'kje klaga.

Styrke gjev Han til kvar ein dag, og kvar ei prøva.

Fyre gjeng Han i alle slag, vår Sigers Løva.